



Opplæringsavdelinga
Hordaland fylkeskommune

Kommentar til prognoseinntaket 2017/2018

Viser til telefonsamtale med Inntaksleiar Nils Skavhellen 24.3.2017.

Utdanningsprogrammet Byggfag

Vg1 Bygg og anleggsteknikk har auke i primær søkjarar, halde fram med tilbodet

Vg2 Byggteknikk, som i fjor, vi har gode erfaringar med å ha felles opplegg i faget YFF for Vg1 og Vg2, og ynsker å vidareføre same modell neste skuleår.

Utdanningsprogrammet Elektrofag

Vg1 nedgang i søkjarar til som har faget som 1. prioritet, men etter ei samla vurdering med god innsøking til Vg1 Teknikk og industriell produksjon er grunnlag for å halde fram med klassa.

Vg2 Automasjon, til saman 8 primærsøkjarar, usikkert kor stor klassen kan bli, skulen vurderer det som realistisk å klare gjennomføre tilbodet innanfor økonomiske rammer, prioriterte utplassering i YFF faget.

Vg3 Automatiseringsfaget, ingen primærsøkjarar, vi har ikkje Vg2 tilbod i år, og klassen vert nedlagt.

Utdanningsprogrammet Helse- og Oppvekstfag

Vg1 stabile søkjartal, halde fram med ein klasse

Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget, 19 primærsøkjarar ink. Sogne elevar, vi kan ta inn 17 elevar om det er aktuelt til denne klassen.

Utdanningsprogrammet TIP

Vg1 TIP – god innsøking til Vg1 klassen, i følgje Skavhellen ikkje grunnlag for 2 Vg1 klasser dersom vi vel å oppretthalde Vg1 Elektrofag.

Vg2 Kjøretøy – god innsøking, ok

Vg2 PIT, reduksjon i tal primærsøkjar, skulen ser det som viktig å oppretthalde tilbodet, ser at det kan være gode samarbeids- og moglege felles opplegg med Vg2 Kjøretøy.

Utdanningsprogrammet STUSP

Grei innsøking til alle klasser, ingen endringar.

Utdanningsprogrammet RM

VG2 Kokk og servitør, grei innsøking, halde fram med tilbodet.

Generelt:

Som skule har vi utfordringar med å gje gode og tilpassa opplæringstilbod til alle elever innanfor ein og same klassen. Vi har ikkje HT grupper og heller ikkje eigne tilbod til dei minoritetsspråklege. I år har vi i klassar på 15 elever hatt alle fleire særskiltsøkjarar og minoritetsspråklege i same klasse og har brukt ein god del ressursar for å differensiere opplæringa. Det er mogleg vi vil kome attende til desse problemstillingane når vi har meir oversikt over elevgruppa neste skuleår.

Austrheim, 24.mars 2017

Kjersti Haugland

rektor